Forslag til

# VEDTEKTER
# for

______________________________
(namn på laget)

## § 1 Formål

____________________ har som formål å samle spelemenn, songarar, dansarar og andre interesserte for å dyrke og ta vare på dei lokale tradisjonane i spel, song og dans.

## § 2 Lagsverksemda

Laget skal skipe til samkomer med spel, song og dans, drive opplæringsarbeid og ta opp spørsmål som kan fremja folkemusikk- og dansearbeidet.

## § 3 Tilknyting

Laget og lagsmedlemmene skal vera medlemmer i FOLKORG.

## § 4 Styret

Styret skal vera samansett av leiar og fire faste medlemmer. Leiaren blir vald av årsmøtet for eitt år. Styremedlemmene blir valde for to år, slik at to av dei er på val kvart år.

Det skal dessutan veljast to varamedlemmer til styret og to revisorar for eitt år.

Styret konstituerer seg sjølv.

## § 5 Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast kvart år midtvinters. Alle sakene som skal avgjerast her, må vera oppførte på saklista. Saklista må gjerast kjent for medlemmene gjennom rundskriv og/eller lysing i lokalavisa seinast to veker før møtet blir halde. Framlegg til saker på årsmøtet må vera hjå styret minst tre veker før møtet, og dato for årsmøtet må vera kunngjort for medlemmene i god til før denne fristen. Alle som har betalt årspengar til laget, har røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet godkjenner framlegg til årsmelding frå styret og rekneskapen for siste rekneskapsår. Vidare vedtek årsmøtet arbeidsprogram og budsjett for det komande året, og årspengar for neste år.

Årsmøtet set kvart år ned ei valnemnd på tre medlemmer som i god tid før neste årsmøte, kjem med framlegg til nye tillitsfolk i laget.

## § 6 Omframt årsmøte

Det skal haldast omframt årsmøte dersom styret finn at særskilde høve gjer det naudsynt, eller dersom minst ein tredjedel av medlemmene krev det.

## § 7 Oppløysing

Laget kan berre oppløysast av årsmøtet med minst tre fjerdedels fleirtal, og ikkje dersom minst fem medlemmer går mot det. Dersom laget blir oppløyst, og ikkje innan ti år tek opp att arbeidet på same grunnlaget som tidlegare, kan FOLKORG avgjera korleis laget si eige skal takast vare på og eventuelt brukast i distriktet til formål laget har arbeidt for.